

# Øverbø




foto Hamish Moore

**DETTE ER HUSMANNSPLASSEN** der ski legenda Sondre Norheim vart født. Plassen har ein utsikt over bygda Morgedal. På tunet stend stoga Sondre vart født i 10. juni 1825 og der han hadde sine første leveår. Det er i denne stoga at verdas første vinterolympiske eld vart tent til leikane i Oslo 1952, og seinare til OL i Squaw Valley 1960 og Lillehammer OL i 1994. Sondre kunne halde på i bakkane i tåmevis, han sa "bakkane ropar og eg lyt svåra". Sondre Norheim vart gift med Rannei Aarmundsdotter og saman fekk dei åtte born. I 1850 og utover utvikla det seg ein sterk "skikultur" i Morgedal og Sondre var ein populær læremeister.

## KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

**UNDERBERGSHAUGEN:** På folkemunne kalla Dansarsletta, er ein plass der ungdom og vaksne møttes til leik og dans.

Foto: Hamish Moore



# Sondre Norheim

## SONDRE NORHEIM

utvikla ei skitype som fekk namnet Telemarks-ski. Det var lette furu-ski med innsvinga sider. Skia var breie framme, litt smalare på midten og breiare bak. Ei enkel tåbinding var den vanlege skibindingen på Sondre sin tid. Sondre utvikla ei stiv hælbinding av vidje og med denne bindingen og dei innsvinga skia fekk han betre kontroll på løypinga. Med utvikling av telemarkschia og hælbinding vart skia meir enn berre eit transportmiddel, dei kunne brukast til leik og moro. Ord som slalåm, telemarknedslag og telemarksving har opphav i desse bakkane. Sondre deltok og på skirenn i Kristiania (Oslo) og hans ski og skiteknikk vart eksempel for mange andre skiløparar. Sondre Norheim vart kjent over heile verda som "far til den moderne skisport".

Layout Nina Åkersveen / trykk Erik Tanche Nilsen as

[www.vandretelemark.no](http://www.vandretelemark.no)


Ansvarleg utgiver er VTNU AS og Kviteseid kommune med støtte frå



## NORSK SKIEVENTYR:

På Norsk Skieventyr kan du lære meir om norsk skihistorie.

Foto: Arild Hansen



## DYR PÅ BEITE

er med på å skape det vakre kulturlandskapet.

Foto: Hamish Moore



## LETT TUR →



# Morgedal – Telemark

## Øverbø

– den moderne skisportens vogge

## Historie



## STABBUR

– tradisjonelle bygningar der ein lagra mat.



# Om turen

**FRÅ NORSK SKIEVENTYR** kan du velje å gå bygdevegen (asfalt) eller ein naturstig i skogsterren. Bygdevegen og stigen møtast ved Moredal Camping. Det er 1 km frå Norsk Skieventyr til Moredal Camping langs bygdevegen, medan det er ca 2 km til Moredal Camping om du går naturstigen.

Etter Moredal Camping går stigen i ope kulturlandskap med stigning opp til Bjålandsgrendi. Her følgjer du stigen vidare til Øverbø. Frå Øverbø går du same vegen tilbake.

Ved Bjåland kan ein mot ei lita avgift låne med seg nykkel slik at du kan koma inn og sjå i Sondrestoga.

## Køyreforklaring

Moredal →

Ta av til Moredal frå E134. Etter avkjøringa til Moredal fylgjer du vegen forbi COOP Marked. Du kan parkere ved Norsk skieventyr eller Moredal Camping (sjå kart).

(GPS: N59°28.789' E008° 28.577')



For oversikt over  
vandrarvennleg  
overnattning,  
sjå [www.vandretelemark.no](http://vandretelemark.no)



Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.  
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.  
Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



**Tilgang:**  
Turen kan ein gå  
heile året.

